

Hovudplan skogsveg

2017 - 2032



Foto 1: Skogsveg som treng eit løft i Vik kommune, Torkjell Dyrdal, 2017



Vik kommune

Innhold

1	Bakgrunn	4
2	Innleiing	5
3	Planen sin status.....	5
4	Organisering	5
5	Sentrale trekk ved skogbruket i Vik kommune	6
5.1	Terrenghistorie	7
5.2	Driftsmetodar og kostnader ved hogst og terrenghandel	7
6	Brukte metodar	7
6.1	Inndeling i geografiske område og dekningsområde	7
6.2	Ressurskartlegging.....	8
6.3	Miljødata	8
6.4	Økonomiske parametrar	8
6.4.1	Byggjekostnad for vegar.....	8
6.4.2	Gjennomsnittleg tømmerpris	9
7	Resultat frå ressurskartlegginga	9
8	Skogsvegane i delområda.....	11
8.1	Fresvik.....	11
8.2	Feios	14
8.3	Borlaug	18
8.4	Vangsnes.....	21
8.5	Skorge/Stadheimslia.....	24
8.6	Seljadalen	27
8.7	Ovrisdalen.....	30
8.8	Bødalslia aust.....	33
8.9	Ligtvor.....	36
8.10	Arnafjord	39
9	Samandrag.....	42
10	Tiltaksbehov på offentlege vegar	44
11	Prioriteringsliste offentlege vegar	45
12	Vedlegg	47
12.1	Feios	48
12.2	Vangsnes.....	57
12.3	Skorge / Stadheimslia.....	58
12.4	Seljadalen	60
12.5	Ovrisdalen.....	63

12.6	Bødalslia aust.....	64
12.7	Ligtvor.....	66
12.8	Arnafjorden	67
13	Viktige kjelder.....	68

1 Bakgrunn

I 2014 gav representantar i skognæringa ut ein rapport (skog22) om dagens situasjon og framtidsutsiktane i norsk skogbruk. Hovudkonklusjonen var at norsk skogbruk skal vere ein viktig og stabil leverandør av fornybar råvare innanfor miljøforsvarlege rammer. Det vart også presentert ei målretta satsing på å effektivisere verdikjeda frå frø til tømmer levert industritomt. Dette skal gjerast med betre planlegging, strukturelle endringar og ved å etablere ein framtidssretta infrastruktur.

Langs kysten vart det bygd fleire nye, moderne kaier for å auke transportkapasiteten til sjøs. Men om ikkje på same tid kapasiteten til infrastrukturen på land vert auka, nyttar ikkje denne investeringa. I denne samanheng må det gjerast eit løft i skogsvegbygginga dei neste 20 år, i form av både opprusting og nybygging. Dette er spesielt viktig på Vestlandet der det står mykje skog som snart er hogstmoden.

Om lag 30 % av arealet langs kysten er rekna for å vere taubaneterreng. Taubanedrifter stiller særlege krav til vegnettet. I denne planen er det rekna med at 60 % av arealet må drivast med taubane. I tillegg må det offentlege vegnettet i tilknytning til skogsvegar kunne brukast av vogntog med 24 m lengde og totalvekt på 60 tonn. Dette er eit ambisiøst og difor meir langsiktig mål, og i fylste omgang må ein sørge for at vegane kan brukast med vogntog på 50 tonn og lengde 19,5 meter. Dette vil redusere mengda kippkøyring, og dermed store kostnadar. Kippkøyring er ein ekstra kostnad som skogeigar må betale på tømmertransporten. Dette kjem som følgje av at vegane er for dårlige til å køyre med lastebil og hengjar.

Kystskskogmeldinga frå 2008 legg opp til ei dobling av verdiskapinga i skogbruksnæringa langs kysten. Frå dagens nivå på kring 17 mrd. kr til om lag 40 mrd. kr mot år 2020. For å nå dette målet er utarbeiding av ein "Hovudplan skogsveg" i alle kystfylka prioritert.

2 Innleiing

Føringar frå Landbruksdirektoratet, Statens Landbruksforvalting og Kystsakogmeldinga (2008) er bakgrunnen for at det vert utarbeidd hovudplanar i alle skogkommunar i kystsakogbruket.

Kystsakogbruket er kort forklart eit samarbeid om skog og skogbruk mellom alle fylka langs den norske kyst. Andre viktige overordna føringar er «*Forskrift for planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål*», «*Normalar for Landbruksvegar*» og «*Lov om naturens mangfald*».

Av føreskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar går det fram at skogsvegplanar skal godkjennast av kommunen før vegane kan byggjast. Kommunen skal passe på at vegen vert bygd i tråd med gjeldande vognormalar, at vegplanen sikrar landbruksfaglege heilskapsløysingar og at prinsippa i naturmangfaldslova for utøying av offentleg mynde er innarbeidd i vedtaket.

Arbeidet med planlegging av vegane er utført i samarbeid med Fylkesmannen og Kystsakogbruket, og i tråd med retningslinjene utarbeidd av Kystsakogbruket.

Hovudplan skogsveg skal presentere kvar skogforvaltinga i Indre Sogn og Vik kommune på sikt ynskjer det skal byggjast skogsvegar for å oppnå ein rasjonell og framtidsretta infrastruktur. I tillegg vert det påpeika punkt på dei offentlege vegane som er problematiske for tømmertransporten og resulterer i mykje kippkøyring. Planen skal også vere eit reiskap for kommunen og Fylkesmannen ved vurdering av søknader om tilskot til bygging av skogsvegar og tilskot til skogsdrift i vanskeleg terren.

3 Planen sin status

Hovudplan skogsveg er ein sektorplan (temaplan) i kommunen sitt planverk. Planen er ikkje juridisk bindande og avgjer såleis ikkje kva tiltak som skal eller ikkje skal gjennomførast.

Det er ein oversiktsplan og ein analyse som konkluderer med hovudlinjer i skogbruket sine behov for infrastruktur. Skogeigarane bestemmer sjølv eget aktivitetsnivå og kva vegar dei vil byggje.

Hovudplan skogsveg føreslår aktuelle skogsvegtrasear, og det endelege trasévalet og reelt dekningsområde kan avvike frå planen.

Dei føreslegne vegane i planen er ikkje unntake vanleg saksgang for bygging av skogsvegar. *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål* gjeld, og det må søkjast om byggjeløyve.

4 Organisering

Kommunen er ansvarleg for arbeidet med Hovudplan skogsveg. Det vart organisert eit prosjekt og satt ned ei styringsgruppe i kommuneadministrasjonen. Ei referansegruppe vart danna med representantar frå i ulike fagkretsar.

Det vart gjennomført 3 grendamøte med skogeigarar og andre interesserte i kommunen.

Her var det god oppslutnad og det kom mange nyttige innspel.


Planen blir lagt fram til politisk handsaming for Kommunestyret i løpet av 2017.

5 Sentrale trekk ved skogbruket i Vik kommune

Skogbruket i Vik var truleg ganske likt skogbruket på dei fleste små plassar i Norge, med mange små sagbruk som vart brukt når det skulle byggjast hus i grenda. I dag er det berre nokre få slike fungerande gardssagbruk igjen i Vik, og eit nyare sagbruk står oppe på Fresvikåsen.

I Vik er Fresvikåsen særegne med tanke på kvalitet på furuskogen. Dette vart også utnytta i tidlegare tider. Furuskogen er ikkje like mykje verdt i dag som følgje av endra tømmerbruk, og dermed har aktiviteten på åsen falt. Like etter krigen vart det planta gran på eigna og mindre eigna stader i Vik. Det meste kan gi store verdiar for grunneigarane og vere verdiskapande for den norske stat. I 2017 har tømmerprisen auka, og behovet for tømmer verden over aukar betrakteleg. Skogbruk er ei grøn næring med positive framtidsutsikter. Granskogen som vart planta på 50-talet er snart hogstmoden. Mesteparten av grana vart planta på 60 og 70-tallet (Figur 1).

For å hogge granfelta må det i Vik byggjast mange vegar. Vegnettet i Vik har for dårlig standard, og mykje av granskogen står i bratt terreng. Feios er eit typisk område med mange utfordringar. Her vert det no jobba med planlegging og bygging av 20 km med skogsveg som vil løyse ut granfelt med tømmer for mange millionar kroner. I tillegg vil det gi arbeid for mange lokalt innan blant anna vegbygging.



Figur 1: Areal med planta gran i dekar, frå år 1945 til 2000 i Vik kommune. Kjelde: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2017.

Til bygging av vegar finst det mange små og store entreprenørar. For tømmerhogst er det ikkje like mange. Eikås skogsdrift og Dale skogservice er døme på to verksemder som samarbeider om drifter med hogstmaskin og driftar utvilsamt mest tømmer i distriktet i løpet av eit år. Største entreprenør på skogsdrift med taubaner i distriktet er Torbjørn Frivik. Verksemduene Holstad hogst og Vange hogst er to aktørar som tar på seg mykje spesialdrifter knytt til straumlinjer, vegkantrydding, og nokre tradisjonelle drifter innimellom.

Vestskog, Norskog og det lokale skogeigarlaget i Vik er medlemsorganisasjonane for skogeigarane i Vik kommune. Det lokale skogeigarlaget er ein del av Vestskog sitt system slik at medlemmar frå Vik

skogeigarlag kan nytte seg av tenester Vestskog kan tilby. Vestskog er i tillegg den dominerande aktøren i kommunen for kjøp og sal av tømmer.

5.1 Terrengforhold

I Vik er det forholdsvis mykje terreng som er tilgjengeleg for hogstmaskiner, truleg om lag 40 % av skogarealet. Dei resterande 60 % er taubaneterreng. Fjellmassane er av ulik kvalitet. Somme plassar er det fyllit som ikkje eignar seg til vegbygging pga. han er lagdelt og ganske laus. Fyllit gir derimot gode vekstforhold for plantar. Andre plassar, t. d. på Fresvikåsen, er det gneis og granitt som er gode massar å byggje veg på, men som gir mindre næringsrik jord og därlegare vekstforhold til plantar og trær.

5.2 Driftsmetodar og kostnader ved hogst og terrengtransport

Skogsentrepreneurane Eikås skogsdrift og Dale Skogservice as med hogstmaskiner/lassberar, og T. Frivik as med taubane, står i dag for mesteparten av avverkinga i Vik. Hogstoppdraga er prega av forholdsvis små skogsdrifter og ofte lang terrengtransport. Kostnaden for maskinell hogst varierer frå kr 100,- til kr 200,-/m³ alt etter terrengforhold og produksjon.

Uttransport med lassberar vil ha ein startkostnad på ca. 50 kr/m³, men aukar med 15 - 20kr/m³ pr. 100 meter terrengkjøring. Dette er ein viktig faktor å ta med når ein skal vurdere lengda på terrengtransport oppimot investering i skogsbilveg og riktig plassering av velteplass.

Taubaner har høg driftspris frå kr 250/m³ og oppover. Men med gjeldande tilskot på 100 kr/m³ vil skogeigaren sin rotnetto med dagens tømmerprisar vere frå 80 - 150 kr/m³.

6 Brukte metodar

Ajourføring av eksisterande og planlegging av framtidige skogsvegar vart gjort i kombinasjon med synfaringar og gjennomgang av arkivdata. Hovudplanen delar kommunen inn i geografiske område med dekningsområde til kvart veganlegg og forslag for skogsvegtraséar.

6.1 Inndeling i geografiske område og dekningsområde

I planen har vi delt inn Vik kommune i 9 område:

- Område 1: Fresvik
- Område 2: Feios
- Område 3: Borlaug
- Område 4: Vangsnes
- Område 4: Skorge/Stadheimslia
- Område 5: Seljadalen
- Område 6: Ovrisdalen
- Område 7: Bødalslia aust
- Område 8: Ligtvor
- Område 9: Arnafjorden

For å kunne kvantifisere mengda skog per skogsveg er det definert eit dekningsområde for både eksisterande og planlagde vegar. For planlagde skogsvegar er dekningsområdet avgrensa av naturlege tekniske hinder (t.d. fjell, fjord, elvar) og offentlege vegar. For eksisterande skogsvegar er dekningsområda som oftast definert som eit område inntil 400-500 meter på begge sider av vegen («buffer») i taubaneterreng og ca. 1000 meter der det er mogleg å ha tømmerdrift med skogsmaskiner.

6.2 Ressurskartlegging

Det vart gjennomført ei grov kartlegging av skogressursane av Jørgen Hundseth og Torkjell Dyrdal. I tillegg har det vorte brukt gjennomsnittlege tal på produksjon i furu og granbestand. Lauv har ikkje ein positiv bruttoverdi som ved, og er derfor utelatt i berekningane. Verdien i ved blir sett på som biprodukt. I Feios er det brukt nyare skogbruksplandata som er forenkla og brukt som grunnlag i denne planen.

6.3 Miljødata

Med tanke på eventuelle viktige naturverdiar og kulturminne er alle driftsområda gjennomgått ved hjelp av NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi) si nettside «KILDEN». Der vert miljøverdiar frå ulike databasar presenterte på kart. Døme på slike databasar er «Askeladden» (Riksantikvaren), Artsdatabanken (Norges teknisk-naturvitenskaplige universitet) og Norges Vassdrag og energidirektoratet sine data om vassdrag og skredrisiko.

På denne måten er det kontrollert om det finst kjende verdiar eller andre faktorar ein må ta omsyn til i dei aktuelle områda. Følgjande tema er kontrollerte: viktige naturtypar, viktige funksjonsområde for viltartar, inngrepsfrie område, raudlisteartar, verna vassdrag og kulturminne. Databasane blir stadig oppdaterte, slik at situasjonen i dag ikkje treng vere lik den om nokre år. Dette er også grunnen til at det i denne planen ikkje er vist kart over miljøverdiane. Men eventuelle registreringar vert kommentert for kvart driftsområde. Driftsområda som er vurderte, er dei teoretiske driftsområda til dei ulike vegane slik dei er presenterte i kartvedlegga.

Den type opplysningar skal og nyttast når kommunen handsamar søknadar etter landbruksvegforskrifta. Her skal det gå fram av vedtaksdokumentet at også naturmangfaldlova §§ 8-12, med dei såkalla miljørettsprinsippa, er vurderte. I samband med Feiosprosjektet, eit prosjekt som føregjekk mellom 2009 og 2014 og handla om eigedomsoverbyggjande samarbeid mellom private skogeigarar, vart det gjennomført MIS-registreringar som en del av skogbruksplanarbeidet (MiS = Miljøregistrering i skog). Dette er eit krav når ein skal hogge meir enn 100 m³ i eit område. Under ei MiS-registrering kartleggjast m.a. spesielle naturtypar og leveområde for trua artar.

I enkelte tilfelle kan det vere aktuelt å sende vegsaker på høyring, t.d. til Fylkeskommunen som då gjev ei uttale om omsyn til eventuelle kulturminneverdiar. Det kan også verte aktuelt at Fylkeskommunen krev kulturminneregistrering i vegtraséen.

Turstiar er og eit viktig element å ta vare på. Difor må det gjerast nokre tiltak for å kombinere/inkludere slike interesser i dei meir detaljerte byggjeplanane. Dette kan innebere å bygge avgangar frå veg til sti, gode merke og skilt osv.

6.4 Økonomiske parametrar

Økonomi er også eit tema ved vurdering av søknader om godkjenning av landbruksvegar (jf. Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier) og ved prioritering av veganlegg ved tildeling av statstilskot og kommunalt næringstilskot til skogsvegar. I planen er det ikkje rekna med indeksregulerte prisar. Det er brukt tal gjeldande i 2016/17.

6.4.1 Byggjekostnad for vegar

Estimert byggjekostnad (i kr/m) for vegane er basert på erfaringstall for tilsvarande vegklassar i kommunen. Det er i gjennomsnitt brukt ca. kr 1200 per meter bilveg og kr 550 per meter traktorveg (sjå Figur 2), tal frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane). I eit innspel frå Fylkesskogmeister Torkel Hofseth er kostnaden for nybygging av skogsbilvegar i vegklasse 4 og 5 for høge. Hans erfaring er at ein kostnad på 900 kr per meter vil vere tilstrekkeleg.

6.4.2 Gjennomsnittleg tømmerpris

Som snittpris for tømmer er det rekna kr 350,- per m³. I denne planen er det kulturgrana som er i fokus og vi har derfor ikkje differensiert tømmerpris etter treslag. Kr 350,- er eit erfaringstal og basert på 65 % sagtømmer, noko skurslip til eksport og resten som massevirke og energivirke.

7 Resultat frå ressurskartlegginga

Resultata blir presenterte områdevis. Fyrst er det vist eit kart med skogsvegane, både dei eksisterande og dei føreslårte vegløysingane for området. Vegane som ikkje er bygde ennå har fått namn som skal gjøre det enklare å omtale desse i planen. Namna kan endrast ved ein eventuell byggjesøknad.


Vegløysingane vert presenterte med lengde og tiltaksbehov dvs. om det er nybygging, ombygging eller opprusting. Nybygging er å byggja veg i eit veglaust område eller å byggje vidare på ein eksisterande veg (tilskotsberettiget). Ombygging tyder som regel å heve vegklassen til ein eksisterande veg (rett til tilskot). Opprusting skiljar seg frå ombygging med at ein «restaurerer» vegen til sin opphavlege vegklasse (ikkje rett til tilskot). Dette kan gjelde vedlikehald, punktutbetring m.m. Vidare presenterast det ei grov oversikt over skogressursane som står i dekningsområdet. I dei fleste dekningsområda vart ressursane grovt kartlagde under synfaringar. Det vert og lagt fram eit estimat på kor mykje volum som truleg vil stå på dei same areala når grana er 70 år. I utgangspunktet er det brukt 50 m³ per dekar. Vurderinga er basert på bl.a. alder, høgde over havet, og andre faktorar knytt til bonitet. I fylge eit innspel frå Torkel Hofseth hjå fylkesmannen i Sogn og Fjordane er dette for lågt, og det burde vere 70m³ per dekar. Ein har i denne planen likevel vald å rekne med 50 m³/daa.

Desse opplysningane vert brukte til å gi ei kostnads-/lönsemeldsvurdering på vegane med omsyn til dagens gjennomsnittlege kostnad for bygging av veg, tilskot, og driftskostnad i skogbruket.

Tabell 1: Kostnadar og verdiar brukt til utrekning på dei ulike vegane. Dette er snittprisar i Sogn og Fjordane 2016/17.

Grunnkostnadar og bruttoverdiar til utrekning av lønsemda ved bygging av skogsvegar	
Bruttoverdi per kubikk tømmer	350kr/m ³
Kostnad kr/m	
Vegklasse 4 / 5 (nybygg)	1200kr/m
Vegklasse 4 / 5 (ombygging/opprusting)	550kr/m
Vegklasse 7 (standardpris)	550kr/m
Vegklasse 8 (standardpris)	400kr/m
Produksjonspotensial v/70 års alder	50m ³ /daa

Gjennomsnittlege estimerte kostnadar for vegbygging er baserte på gjennomsnittskostnadar i Sogn og Fjordane (sjå Figur 2). Ein kubikkmeter tømmer vert gitt ein bruttoverdi på 350 kr, før driftskostnad. Det er fleire faktorar som ein teoretisk kunne ha teke omsyn til i utrekninga, men den valde løysinga blir sett på som føremålstenleg for denne planen. Statlege og kommunale tilskot, bruk av skogfond, framtidige investeringar og vedlikehald av veg er element som kan drive det økonomiske resultatet i positiv eller negativ retning. Difor bør kostnadane i denne planen ikkje brukast som ein «fasit» for økonomien i eit vegprosjekt.



Figur 2: Utviklinga i meterpris for skogsvegar i Sogn og Fjordane i perioden 1990-2016 (kjelde: Fylkesmannen Sogn og Fjordane, 2017).

8 Skogsvegane i delområda

Dei ni ulike geografiske områda med dei ulike vegprosjekta vert no presenterte kvar for seg. I tekstdelen vert det forklart litt rundt tankegangen på val av vegrar til «hovudplan skogsveg». I tillegg vert eventuelle funn av kjende viktige miljøverdiar kommenterte. I tabellform vert det gitt ei grov oversikt over ressursane for kvart enkelt vegprosjekt. Dette kan i enkelte område vere eit estimat som følgje av manglande synfaring eller skogtakstar. Då vert det som regel brukt eit gjennomsnittleg tal basert på erfaringar elles i fylket. Vidare er det tabell med ei kostnads- lønsemdukalkyle for kvart enkelt vegprosjekt. Gjennomsnittsprisar for vegbygging i tillegg til ressursoversikta vert brukt som grunnlag for lønsemdukalkyla. Vegklassane i tabellane er basert på «normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse, 2016». Til slutt vert det presentert eit kart med ei enkel oversikt over vegane.

8.1 Fresvik

I Fresvik er det lite produksjonsskog som ikkje allereie har vegutløysing. På Fresvikåsen dominerer furu på tilnærma flatt terren. Aktuelle tiltak vil difor her vere ombygging og opprusting av skogsvegar. Mykje av furuskogen på Fresvikåsen er ennå relativt ung og kan godt stå til tømmerprisane har auka ein gong i framtida. Ombyggingstiltaka vert difor ikkje tekne med i planen i denne omgangen. Det er då berre to vegprosjekt som vert planlagt og tekne med i planen. Dei løyer ut granfelt på vestsida av dalen i Fresvik.

Hovsvegen er ei vidareføring av ein traktorveg frå garden Hov i Fresvik. Til det andre vegprosjektet, Ekebergvegen, kom det innspel om frå grunneigar. Dette vil truleg bli ein enklare veg som må byggjast vidare til eit større granfelt. Det er ikkje registrert nokon kulturminne, trua artar eller naturtypar i nærleiken av desse prosjekta i Fresvik.

Utrekningane visar at vegprosjekta har eit potensiale til bli lønsame. Men sidan det ikkje står granskog over heile dekningsområde er det viktig for god økonomi i prosjekta at skogen ikkje blir hogd for tidleg.

Tabell 2: Ressursoversikt i dekningsområda til vegane som er planlagt i Fresvik i 2017.

Vegnamn	V.kl.	Lengde (meter)	Tiltak	Dekningsområde (daa) totalt	Gran Hogstklasse >3			Lauv / Furu Areal (daa)
					Areal (daa)	Kubikk (m ³)	Produksjonspotensial v/70år	
Hovsvegen	7	700	Nybygg	260	80	3700	4000	180
Ekebergsvegen	7	460	Nybygg	65	27	1000	1350	38

Tabell 3: Kostnads- og lønsemndskalkyle til vegane i Fresvik basert på ressursoversikten i dekningsområda.

Vegnavn	Vegklasse	Mengde kubikk i dekningsområde		Bruttoverdi i kr		Veglengde meter	Vegkostnad i kr	Lønsemnd i kr	
		I dag (2017)	Ved 70 års alder	I dag (2017)	Ved 70 års alder			I dag (2017)	Ved 70 års alder
Hovsvegen	7	3 700	4 000	1 295 000	1 400 000	700	385 000	910 000	1 015 000
Ekebergsvegen	7	1 000	1 350	350 000	472 500	460	253 000	97 000	219 500
Sum		4 700	5 350	1 645 000	1 872 500	1 160	638 000	1 007 000	1 234 500



Figur 3: Vegane planlagt i Fresvik 2017, Grønn linje er veglinje i traktorveg (vegklasse 7), blå linje er dekningsområde til dei enkelte vegane. Sort linje er eksisterande veg.

8.2 Feios

Feios er eit av dei viktigaste områda for skogbruk i Vik kommune. Difor vart dette området lagt inn i eit prosjekt, Feiosprosjektet, for å samle grunneigarane til samarbeid kring skogbruk. Som eit viktig resultat frå prosjektet vart det i 2016 søkt om bygging av vel 20 km med skogsvegar i ulike vegklassar, sjå (Tabell 4). Heile vegnettet vart søkt om i ein søknad. Søknaden er under handsaming i kommunen. Den type samarbeidsprosjekt vert i framtida truleg prioritert i tilskotssamanhang.

Tabell 4: Ressursoversikt over vegane knytt til vegsøknaden 2016.

Feios området	Veglengde i meter			Gran		
	Vegklasse 4	Vegklasse 7	Vegklasse 8	Areal (daa)	Volum i dag (m ³)	Produksjonspotensial v/70 års alder
31 grunneigarar	12 920	4 761	2 305	7355	150 000	367 750

Tabell 5: Kostnad- lønsemdsanalyse over vegane i vegsøknaden frå 2016.

Kubikk gran i dekningsområde		Brutto verdi		Kostnad	Lønsemnd	
I dag	V/70 års alder	I dag (2017)	70 års alder		I dag (2017)	70 års alder
150 000	367 750	52 500 000	128 712 500	19 200 000	33 300 000	109 512 500

I tillegg skal 2 271 meter med veg rustast opp eller byggjast om til vegar med høgare standard. Dette er eit stort prosjekt. Vegane er i gjennomsnitt rekna til å koste 1000 kr per meter veg. Grunnen for den relativt rimelege prisen er at ein håpar å kunne bruke steinmasser frå ei potensiell kraftverkutbygging i området. Kostnadane for massetransport vil då verte redusert tydeleg.

Det er i tillegg naudsynt med nye skogsvegar i Haugasetdalen, på aust- og vestsida. På austsida kan det vere fornuftig med ein skogsbilveg, mens det på vestsida truleg vil vere tilstrekkeleg med ein traktorveg. Frå dei eksisterande skogsvegane på Lunde vil det vere behov for å byggje nokre kortare vegavstikk. I lia under Svarthamrane på vestsida av Haugasetdalen står det også mykje skog. Her finst det fleire potensielle løysingar som kan drøftast når vegbygging blir aktuelt.

Feios er eit område med mange ulike livsmiljø, naturtypar, kulturminne og høg artsmangfald. Dette vert det teke omsyn til i vegplanen som ligg inne til handsaming hjå kommunen. Veglinja er der det er mogleg lagt rundt dei allereie kartlagde miljøverdiane. Lengre oppe i Haugasetdalen er det registrert nokre livsmiljø i samband med MiS-kartlegginga. Dette må det takast omsyn til når vegen detaljplanleggjast og eventuelt byggjast.


Draevegen er ei opprusting av gamal eksisterande traktorveg igjennom eit landbruksområde. Denne skal løyse ut eit enkelt granfelt, og vert ikkje teikna inn som eit eige dekningsområde. Årsaka er at vegen kanskje kan brukast som den er, som ein transportveg for hogstmaskinar til eit enkelt granfelt (sjå Figur 5).

Tabell 6: Ressursoversikt innanfor dekningsområda til dei enkelte vegane i Feios. Feiosprosjektet er ikkje inkludert.

Vegnamn	V.kl.	Lengde (meter)	Tiltak	Dekningsområde (daa) totalt	Gran Hogstklasse >3			Lauv / Furu
					Areal (daa)	Kubikk (m ³)	Produksjonspotensial v/70år	
Haugvegen	4	650	Nybygg	313	250	6250	12500	63
Hamrevegen	4	1 200	Nybygg	643	305	7625	15250	338
Haukevegen	7	724	Opprusting	166	83	2075	4250	83
Drægevegen	7	750	Opprusting	42	42	1680	2100	0
Sætreveg	4	640	Nybygg	190	190	5700	9500	0
Samarbeidsvegen	7	1010	Nybygg	375	176	5280	8800	199

Tabell 7: Kostnads- lønsemadsanalyse til dei enkelte vegane i Feios. Feiosprosjektet er ikkje inkludert.

Vegnavn	Vegklasse	Mengda kubikk i dekningsområde		Bruttoverdi i kr		Veglengde meter	Vegkostnad i kr	Lønsemrd i kr	
		I dag (2017)	Ved 70 års alder	I dag (2017)	Ved 70 års alder			I dag (2017)	Ved 70 års alder
Haugvegen	4	6 250	12 500	2 187 500	4 375 000	650	780 000	1 407 500	3 595 000
Hamrevegen	4	7 625	15 250	2 668 750	5 337 500	1 200	1 440 000	1 228 750	3 897 500
Haukevegen	7	2 075	4 250	726 250	1 487 500	724	398 200	328 050	1 089 300
Drægevegen	7	1 680	2 100	588 000	735 000	750	412 500	175 500	322 500
Sætreveg	4	5 700	9 500	1 995 000	3 325 000	640	768 000	1 227 000	2 557 000
Samarbeidsvegen	7	5 280	8 800	1 848 000	3 080 000	1 010	555 500	1 292 500	2 524 500
Sum		28 610	52 400	10 013 500	18 340 000	4 974	4 354 200	5 659 300	13 985 800



Figur 4: Vegar som er planlagde i Haugasetdalen i Feios 2017. Veglinjer i grønfarge er traktorvegar (vegklasse 7), Raudveginjer er skogsbilvegar (vegklasser 4 og 5). Blått omriss er dekningsområda til dei ulike vegane.



Figur 5: Grønn linje representerer Drægevegen i Feios.

8.3 Borlaug

På Borlaug kom det inn fleire innspel til ein planlagd skogsveg. Grunneigarane er delvis usamde om vegforslaget. Det er moment som tyder på at linjeføringa over mot Ramnaberg vil bli opprusta om ikkje så lang tid. Det blei likevel vurdert som rett å ta vegforslaget med i planen trass i ulike meininger og noko tvil om vegen kan byggjast med lønsemd. Det er registrert fleire verdifulle livsmiljø og vegetasjonstypar i området, t.d. «rik bakkevegetasjon» og «edellauvskog», som det må takast omsyn til.

Det er også teke med ein vegstump vestover frå dei nye skogsvegane, Kalvelivegen og Fletenevegen, i same området på Borlaug. Gjelsvegen er tenkt som ein tyngre traktorveg og med føremålet å få opp ei taubane for drift i vanskeleg terrengr.


Økonomisk sett er vegen mot Ramnaberg truleg ikkje lønsam å byggje, slik han er skissert no. Men ei justering av vegklassa og eventuell kombinasjon med furuhogst kan gjere at prosjektet bli lønsamt likevel. Gjelsvegen er truleg lønsam og byggje og vil bidra til ei heilheiltleg løysing som reduserer mengda små stikkvegar i området.

Tabell 8: Ressursoversikt knytt til vegane på Borlaug.

Vegnamn	V.kl.	Lengde (meter)	Tiltak	Dekningsområde (daa) totalt	Gran Hogstklasse >3			Lauv / Furu
					Areal (daa)	Kubikk i dag(m ³)	Produksjonspotensial v/70år	
Ramnabergvegen	5	2148	Nybygg	286	107	2675	5350	179
Gjelsvegen	7	469	Nybygg	379	104	2600	5200	275

Tabell 9: Kostnad- lønsmedsanalyse knytt til vegane på Borlaug.

Vegnavn	Vegklasse	Mengda kubikk i dekningsområde		Bruttoverdi i kr		Veglengde meter	Vegkostnad i kr	Lønsemeld i kr	
		I dag (2017)	Ved 70 års alder	I dag (2017)	Ved 70 års alder			I dag (2017)	Ved 70 års alder
Ramnabergvegen	5	2 675	5 350	936 250	1 872 500	2 148	2 577 600	-1 641 350	-705 100
Gjelsvegen	7	2 600	5 200	910 000	1 820 000	469	257 950	652 050	1 562 050
Sum		5 275	10 550	1 846 250	3 692 500	2 617	2 835 550	-989 300	856 950



Figur 6: Vegar planlagt på Borlaug, 2017. Grøn veglinje er traktorveg (vegklasse 7), raud veglinje er skogsbilveg (vegklasse 5), og svart er eksisterande veg. Blått omriss er dekningsområda til dei enkelte vegane.

8.4 Vangsnes


På Vangsnes er det forslag om ein lang skogsveg frå fyrste svingen på eksisterende skogsvegen mot Høgretjønn og heilt til Hovland. Denne skal fungere som hovudveg for tømmertransport frå Hovland og Øksdal. Det vart i 2012 gjeve eit ombyggingsløye samt forlenging for starten av denne vegen, Beitevegen. Løyvet gjekk ut i 2017 utan at tiltaket vart gjennomført. Den nye planlagde skogsvegen er delvis grunnen for dette. Fleire avsnitt på den planlagde vegstrekninga har allereie ei veglinje som kan byggjast om. Dette kan føre til at vegprosjektet ikkje kjem til å koste så mykje som overslaget i Tabell 11 viser. Dette er eit av dei viktigaste skogsvegprosjekt i Vik kommune akkurat no. Det er aktuelt med fleire kortare stikkvegar frå hovudveglinja som det her ikkje vert rekna spesifikt på. Ei kostnads – lønsemmdsanalyse for heile veganlegget ville vere for detaljert til å inkludere i denne planen. Veganlegget blir sett på som eit godt samarbeidsprosjekt som mange grunneigarar kan få nytte av. Det blir dessutan sett på som beste løysing for tømmertransporten frå Hovland og Øksdal, sidan ei opprusting av dei offentlege vegane til Hovland og Øksdal uforholdsmessig dyr. Det er ikkje registrert kulturminnefunn eller andre miljøverdiar direkte på den planlagde traséen. Sidan det i hovudsak dreier seg om ombygging av eksisterande vegar, er det mindre sannsynleg at det finst nye moment som det må takast omsyn til på denne veglinja.

Tabell 10: Grov oversikt av ressursane innafor dekningsområde til vegen på Vangsnes til Hovland.

Vegnamn	V.kl.	Lengde (meter)	Tiltak	Dekningsområde (daa) totalt	Gran Hogstklasse >3			Lauv / Furu	Annet
					Areal (daa)	Kubikk (m ³)	Produksjonspotensial v/70år		
Vangsneslivegen	4	4 600	Ombygg	3 665	425	14 875	21 250	2 940	300

Tabell 11: Kostnadsoverslag på vegprosjektet frå Vangsnes mot Hovland.

Vegnamn	Vegklasse	Mengde kubikk gran i dekningsområde (m ³)		Bruttoverdi i kr		Veglengde meter	Vegkostnad i kr	Lønsemd i kr	
		I dag (2017)	Ved 70 års alder	I dag (2017)	Ved 70 års alder			I dag (2017)	Ved 70 års alder
Vangsneslivegen	4	14 875	21 250	5 206 250	7 437 500	4 600	2 530 000	2 676 250	4 907 500



Figur 7: Vegnettverket planlagt fra Vangsnes via Øksdal til Hovland i 2017. Raud veglinje er skogsbilveg(vegklasse 4 og 5), ei svart stipla linje tyder opprusting av eksisterende veg. Grøn veglinje er traktorveg (vegklasse 7), og blå linje er dekningsområde for heile vegnettverket.

8.5 Skorge/Stadheimslia

